

Informasjon

HYRDINGRØYSTA

NR. 1/2021

MARS

Grunnlagt 1938

82. årgang



God påske

Frå redaksjonen

Påska er her, og dermed eit sikkert vårteikn. Vi har bak oss ein spesiell vinter på fleire vis, ein vinter som har bydd på både sprengkulde og tidleg streif av vår i februar.

Men det som sjølvsagt har vore mest spesielt med denne vinteren er at vi har passert eit år med koronarestriksjonar, og at vi er inne i ei ny og tredje smittebølge. Vaksineringa går seint, men dei aller eldste og ein del helsersonnell er i alle fall vaksinerte. Ifølgje styresmaktene så skal tilgangen på vaksiner auke kraftig framover, noko som gir håp om at den kommande sommaren kan bli litt meir normal enn i fjor.

Men denne pandemien har synt seg å by på stadige overraskingar, så det er truleg best å ikkje ta alt for mykje på forskot, men heller vente å sjå, og håpe på det beste. Det som i alle fall er sikkert er at tida fram til sommaren blir viktig reint smittevernmessig. Vi må berre passe oss for smitte og vente på vaksine.

– Vi skal gje til kvarandre eit løfte, at vi møtast når vegen er gått. Når det mørke og vonde er bak oss, seier Hans Olav Mørk i eit dikt han skreiv i mars i fjor. Heile diktet står inne i bladet.

Det som på ein måte er bra med denne pandemien, om vi kan kalle noko ved dette bra, er at den stimulerer evne til nytenking og fantasi. Dette gjeld også kyrkja som i eit heilt åt har måtte gåstadig nye vegar. Det har heile tida vore restriksjonar på kor mange som kan delta i kyrkjelege handlingar, og kyrkjene var også stengde ein lang periode i fjor.

Sidan har dei opna opp att, men det har vore varierende reglar for kor mange som har kunna delta på ei gudsteneste, heilt ned i ti menneske.

Dette har fått kyrkja til å tenkje nytt, og det har vore temmeleg mange utegudstener siste året. Berre no i vinter har det vore fire av det slaget, i til del sterk kulde.



Framsida av dette bladet syner ei av utegudstenestene ved Vassenden kyrkjesenter i februar. Andakta i dette nummeret av Hyrdingrøysta er preika som vikarprest, tidlegare prost Reidar Knapstad, heldt i Dvergdsdalen ein sprengkald søndag i februar.

Når dette blir skrivne er talet på dei som kan møtast i kyrkja 100, men det kan komme innstrammingar. Konfirmasjonane er utsette til hausten og og det kan fort komme andre endringar.

Men på eitt eller anna tidspunkt er denne pandemien over, og diktet av Hans Olav Mørk de finn inne i bladet kan kanskje vere ei aldri så lita trøyst og hjelp i ventetida.

Men først skal vi feire påske og då får vi håpe at våren er på plass og at endå nokre fleire er vaksinerte. Vi har lagt bak oss et svært så spesielt år, eit år som har stilt kyrkja over for mange og vanskelege utfordringar. Men sokneråd og prestar har takla utfordringane på imponerende vis, og det har blitt synt mykje fantasi og vilje til å finne utradisjonelle løysingar.

Vi håpar alle at ting snart kan normalisere seg.

God påske til alle!

! Hugs bladpengane

Bladpengane er den viktigaste inntektskjelda vår. Om alle betalar kan vi lage eit både fylldigare og betre blad. Sjå meir på neste side.

KYRKJA I JØLSTER

KYRKJEKONTORET

☎ 479 79 115

Ope tysdag 9-15

Tilsette kan treffast etter avtale også resten av veka.

post.jolster@sunnfjordkyrkja.no

www.kyrkja.no

www.facebook.com/kyrkeneijolster

HOVUDKONTORET I FØRDE

☎ 57828180

E-post: sunnfjord@sunnfjordkyrkja.no

Sunnfjord kyrkjelege fellesråd:

Nils Gjerland, leiar tlf.: 950 74 007

Ålhus sokn:

Marta Fimreite tlf: 913 87 552

Helgheim sokn:

Astrid Aardalsbakke Feldt

☎ 416 84 368

Sokneprest Silje Sørebo

Kontortid etter avtale

☎ 473 99 492

silje.sorebo@sunnfjordkyrkja.no

Sekretær Toril Øye

Kontortid tysdagkl. 9–15

toril.oye@sunnfjordkyrkja.no

Kyrkjeverje

Inger Hageberg Øvrebo

☎ 416 94 472

inger.ovrebo@sunnfjordkyrkja.no

Kontortid etter avtale

Ass.kyrkjeverje

Trond Herlosund

☎ 489 58 086

trond.herlosund@sunnfjordkyrkja.no

Vikarprest Carsten Langeland

Kontortid etter avtale.

☎ 902 39 173

carsten.langeland@sunnfjordkyrkja.no

Kantor Rune Molvik

☎ 99127430

rune.molvik@sunnfjordkyrkja.no

Kontortid tysdag kl. 9-15

Kateket Ute Lindner

Kontortid etter avtale

☎ 489 58 165

ute.lindner@sunnfjordkyrkja.no

Driftsleiar Helge Årdal

☎ 97 64 90 16

epost: helge.ardal@sunnfjordkyrkja.no

Utleigenummer Misjonshuset på Skei

☎ 959 48 849

Utleige Vassenden kyrkjesenter

☎ 971 20 085

HYRDINGRØYSTA



KYRKJEBLAD FOR JØLSTER

Oppturar og nedturar

Preike 7. februar 2021 i Dvergsdalsdalen
Markus 9,2-13.

Eg er glad for å kunne gå på skitur i Dvergsdalsdalen for første gong. Jølster er vide kjend for dei flotte toppsturane året rundt. Her i fylket har det blitt populært med alle opptur-bøkene som viser veg til fjelltoppar ute ved kysten, inne i fjordane og like inn til breheimen.

Dei som likar å følgje med på sendingar frå skisporten har sett vinnarane lyse av glede når dei kjem i mål. Nokre kastar armene i veret og strålar! Kor mykje meir stråla det ikkje av Jesus då han vart forvandla framfor auga på dei tre karane som fekk bli med han opp på fjellet? Dei fortel at andletet han skein som sola, og kleda var skinande kvite.

Dei kom fort ned frå det store høgdepunktet og måtte møte livet i kvardagen. Slik er det vel for idrettsfolk og andre, som i eit glimt opplever store ting i livet. Då Peter skreiv om denne spesielle hendinga, er han tydeleg på at det ikkje var noko dei hadde dikta opp. «Vi var augevitne og såg hans guddommeleg velde. For han fekk ære og herlegdom frå Gud, sin Far, den gongen røysta hans kom til han frå den høgste herlegdomen: Dette er Son min, han som eg elsker, i han har eg mi glede». (2.Pet 1,16-17)

Kan du tenkje deg ei sterkare kjærleik-serklæring? Kjærleiken lever i samhandling og gjensidig tillit. Gud er ikkje åleine i sin kjærleik. Han elsker Son sin. Allereie som 12-åring hadde han eit bevisst forhold til sin Far i himmelen. Hos sin Far i himmelen fekk han styrke og mot til å gå vegen gjennom lidning og død for vår skuld. På vegen ned frå fjellet samtala han med dei om at Menneskesonen måtte lide mykje og bli sett ned på.

Gjennom livet er det mogleg for fleire å oppleve store hendingar i møte med naturen, på reise, i familien eller i møte med sport, kunst, arbeid eller lek. Dei fleste som vil til topps, forsakar mykje, står hardt på for å nå sine mål. Men er ikkje dei mest verdifulle opplevingane i livet gratis? Det handlar om å vere open for å ta i mot inntrykk frå både Gud og menneske.

Fleire kan fortelje om hendingar som har gitt styrke og håp. Sjølv opplevde eg heilt uventa at Jesus såg meg. Eg var utnemnd til prost i Indre Helgeland og sokneprest i Mo i Rana. Kona min og eg fekk ei dagsreise til Mo i Rana 6.januar 1995 for å gjere oss kjende. På vegen til flyplassen vart det tid til å sjå Gruben kyrkje, ei arbeidskyrkje i betong. Altartavla var ei fargerik og sterk fram-

stilling av den fornedra og opphøgde Jesus Kristus Han står med ei krone av piggråd på hovudet; men løyst frå krossen med løfta hender til velsigning. Berre dei kraftige naglane er spikra inn i krossen.

Eg gjekk fram til mot korttrappa for å sjå nærare på denne framstillinga. Brått opplevde eg at perspektivet vart snudd om. Jesus såg MEG. Han såg til Reidar i nåde og godheit. Opplevinga av å bli sett og møtt, var så stor at eg måtte setje meg ned for ei stund. Lite og ingen ting viste eg då at flyet som landa på Vigra nokre timar etter, brått skar ut av rullebana og stogga inn i skogen. Vi kom velberga frå havariet, men uhellet sat i kroppen ei tid.

Då eg neste gongen kom til Gruben kyrkje, var alt som vanleg. Etter kvart fann eg ut at kunstnaren Victor Sparre, hadde forma auga på Kristus-figuren slik at blikket nådde meg, same kor eg var i rommet. Denne framstillinga svarar til at Jesus møter oss i den livssituasjonen vi til ei kvar tid er i. Nokre gonger kan det bli gitt oss opplevingar av å bli møtt og sett. Særleg når vi treng det mest. Som oftast møter Jesus oss gjennom blikk og varme frå menneske som er glad i oss. Slik foreldre og besteforeldre bekreftar barne med sitt blikk av fred og ro.

Jesus Kristus er ikkje langt borte frå nokon av oss. Ingen treng å fare opp i høgda for å komme nær Jesus. Slik og profeten Jesaja såg det.

«Så seier han som er høg og opphøg,
han som tronar evig.

Den beilage er hans namn.

I det høge og beilage bur eg
og hos den som er knust
og nedbøygd i ånda.

Eg vil gje ånda liv
hos dei som er bøygd ned,
Gje hjartet liv

Hos dei som er knuste». (Jes 57,15)

Tekst: REIDAR KNPASTAD

HYRDINGRØYSTA

kjem ut med fire blad i året, og vert sendt til alle husstandar i Jølster som informasjon. Ein giro på kr 250,- vert sendt ut med bladet ein gong i året.

Betalinga er frivillig. Annonsøren støttar bladet med kr 1000,- for fire annonser i fire nummer pr år. For abonnentar utanom kommunen: kr 350,- pr år. Må tingast.

Kontonummer til Hyrdingrøysta: 3703. 30 09225. Bladet slit med økonomien så det er viktig at alle betalar. Alternativet er å legge ned bladet.

BLADSTYRET:

Hallstein Dvergsdal,
Björg Dvergsdal og
Hildegunn Huus
hdvergsdal@gmail.com
Neste nummer kjem før jul.

Årets fasteaksjon blir digital

Verda står no overfor ein pandemi, som rammar oss alle. I Kirkens Nødhjelp er vi spesielt bekymra for dei mest sårbara menneska i verda. Koronaviruset kan få katastrofale konsekvensar for land med stor fattigdom og dårleg utbygde helsesystem.

Tekst og foto KIRKENS NØDHJELP

Reint vatn og god hygiene er livsviktige i denne ekstreme situasjonen. Både for å forebygge vidare spreiring, men også for å hjelpe dei som allereie er råka. Kirkens Nødhjelp er spesielt bekymra for område med dårleg tilgang til reint vatn og dårlege sanitære forhold, for eksempel flyktningleirar og slumområde.

Dugnad

– Vi treng ein global dugnad for å begrense spreinga av COVID-19 i dei mest sårbara landa. Vi er svært bekymra for spreinga som allereie skjer i stadig nye land, også land med svake helsesystem og svært dårlege sanitære forhold. Pandemien kan i verste fall bremse den økonomiske og sosiale utviklinga i mange fattige land, seier Dagfinn Høybråten, generalsekretær i Kirkens Nødhjelp.

Kirkens Nødhjelp er til stades i 30 av dei mest sårbara landa i verda. Vi er allereie i gang med opplæring om koronaviruset og smitteforebygging i våre vatn- og hygieneprosjekt i fleire av dei landa vi er til stades i.



Dagfinn Høybråten,
generalsekretær i Kirkens
Nødhjelp.



Seksbarnsmora Susan Miyambo frå Kasalaulo i Zambia, trudde aldri at ho skulle få tilgang til reint vatn, men no som ho har fått det, med hjelp av Kirkens Nødhjelp, kan ho bruke mykje meir tid saman med borna sine.

– Vi må alle bidra til ein umiddelbar repons for å hindre vidare spreiring. Vi vurderer no korleis vi kan auke innsatsen kraftig, særleg i Midtausten og i afrikanske land. Vi ber no om hjelp frå alle i Noreg.

Stor aksjon

Kirkens Nødhjelp sin årlege Fasteaksjon er Noregs nest største innsamlingsaksjon. I fjor samla aksjonen inn 32 millioner kroner, eit beløp som gir 160.000 menneske tilgang til reint vatn. 29. - 31. mars skulle 40.000 bøsseberarar ha gått dør til dør for å samle inn pengar for å gi sårbara menneske tilgang til reint vatn og god hygiene.

For å hindre spreiring også her heime i Noreg, vil våre innsamlarar i Fasteaksjonen

ikkje komme på døra. Dette betyr at pengane til årets fasteaksjon ikkje blir samla inn dør til dør, men via Vipps 2426, via fasteaksjonen.no og på sosiale media, særleg Facebook.

– I ein så krevjande situasjon, må vi stå saman og hjelpe kvarandre. Vi er alle sårbara no. Hjelp oss å hjelpe dei mest sårbara. Ver med å redde liv og støtt oss digitalt i årets Fasteaksjon.



Kyrkjeskys

Treng du skys til kyrkja kan du ta kontakt med ein av desse:

Helgheim sokn

Inger Veiteberg tlf. 908 60 874
Knut Osvoll tlf. 911 90 709
Turid Høyvik tlf. 472 48 832
Astrid Aa Feldt tlf. 416 84 368

Ålhus sokn

Marta Fimreite tlf. 913 87 552
Björg Dvergsdal tlf. 476 66 812

Påskehelsing frå Kyrkja sin Preses

I fjor var kyrkjedørene stengde i heile påska, kanskje for første gong i kyrkja si historie i Noreg. Ikkje ein gong under krigens dagar var det slik. Dette er eitt av mange teikn på kor heilt annleis det siste året har vore. Kven skulle tru at vi vart nøyddde til å ha stengte dører i kyrkja i Noreg?

Tekst OLAV FYKSE TVEIT

Foto: PRESSEFOTO DEN NORSKE KYRKJA

Det er når ein ikkje lenger har det som ein elles tek for gitt, at ein legg merke til kor viktig det er:

«I dag står flaggstangen naken blant Eidsvoll's grønnende trær. Men nettopp i denne timen vet vi hva fribet er.»

Skjult fiende

Slik las Nordahl Grieg frå NRKs radiostasjon i Tromsø 17. mai 1940. Vi kjenner dramatikken i orda hans frå ulike opplevingar det siste året. Vi har hatt mange eksempel på at vi plutsleg ikkje har noko vi har tatt for gitt, og kjenner no på kva det betyr for oss. No er det ein skjult fiende som trugar oss, helse og liv. Det er ikkje heilt den same dramatikkk som for 80 år sidan, men likevel noko som får oss til å la vere å gjere det som elles hadde vore heilt naturleg: Helse på kjente og ukjente i handa, møte menneske både heime og ute, klemme på barn og barnebarn, vere i ei forsamling med mange menneske, gå på skule, arbeidsplassen, bussen, toget, fotballbana – og vi kunne fortsette. Og alt dette gjer vi av frykt for helse og liv, for andre og for oss sjølve.

No skal vi feire påske, ikkje berre ha påske i kalenderen. I år ser det ut til at det er litt nye vilkår. Så vi planlegg påskefei-



Olav Fykse Tveit er frå 2020 preses i Bispemøtet i Den norske kirke.

ring - i kyrkjene – men med eit lite atterhald om kva som måtte bli nødvendig dersom det vert lokale smitteutbrot.

Drama og frykt

Den kristne kyrkja er blitt til i ein situasjon prega av drama og frykt. Ei av historiene frå påskeevangeliet handlar endå til om stengde dører. Det er ganske forståeleg det som vert fortalt i Johannesevangeliet kappittel 20, vers 19-23. Disiplane gøymde seg og stengde døra bak seg fordi dei var redde. Dei hadde gode grunnar til å stenge døra. Dei såg kva som skjedde med Jesus, dei kunne frykte det same for deira eigen del. Det var blitt ny uro i Jerusalem av ryktene om at han ikkje var lenger i grava der han var lagt.

Men ikkje ein gong deira frykt kunne stenge den oppstandne Jesus ute og forhindre han i å møte dei der dei var i

livet: Fylte av frykt, stengte inne i sin eigen redsel. Jesus kom likevel, Jesus kom heilt inn til dei. Han kom ikkje med latterleggering av at dei var redde. Han kom heller ikkje med hevn over dei som hadde både forlete han og fornekta han. Han kom ikkje ein gong med kritikk. Han kom med ein annan bodskap: «Fred vere med dykk!»

Den første gudstenesta

Dette vart på eit vis den første kristne gudsteneste, som eit møte mellom den oppstandne Jesus Kristus og dei menneske som samlar seg fordi dei følger han – eller har følgd han. Så sender han dei ut. For å dele det dette møtet med den oppstandne gir dei. Slik har det halde fram, heilt til oss og vår tid: Nokon har halde ryktet om den oppstandne Jesus Kristus levande og skapt møteplasser mellom oss og han.

Slik har våre gudstenester vorte til. Slik er dei framleis noko som er meir enn oss sjølve og våre kjensler av frykt eller kva det måtte vere som fyller oss. Men dei er også eit møte der vi kan vere oss sjølve, ja, der vi ikkje kan vere noko anna enn oss sjølve. For det er slik den oppstandne kan møte oss. Og sette mot i oss. Og sende oss ut for å leve og dele det Gud har gitt oss.

Vi treng desse møta. Med den oppstandne – og med kvarandre. Difor håpar eg inderleg at vi kan få feire gudstenester i kyrkjene denne påska. Skulle det ikkje gå, minner påskeevangeliet oss om at Jesus når inn til oss der vi er – likevel. I så fall treng vi endå meir eit ord om fred.

God påske!

Kyrkja flytta ut i kulden

Tidlegare i vinter var koronareglane slik at kyrkjene ikkje kunne ha meir enn 10 menneske inn om dørene på gudstenester og andre arrangement.

Tekst og foto: HALLSTEIN DVERGSDAL

Dermed måtte det tenkjast nytt, og det vart fire utegudstenester. Ei i skileikanlegget i Årdalen, ei i Dvergsdalsdalen og to ved Vassenden kyrkjesenter.

Sol og kulde

Første søndag i februar var det gudsteneste på ein av toppurparkeringane i Dvergsdalsdalen.

Parkeringsplassen ligg ved starten av lysløypa og er mykje brukt av dei som skal på Grovabreen, Dvergsdalsstøylen eller fjella rundt.

– Her har eg aldri vore før, sa tidlegare prost i Sunnfjord, Reidar Knapstad, då han kom for å halde gudsteneste i strålende sol, men gnistrande kulde.

– Det er litt av kvart ein pensjonert prost må vere på?

– Ja, men dette går heilt fint sjølv om det er kaldt. Det er berre å kle på seg, og etter gudstenesta skal eg ha meg ein skitur,



Det var kaldt, men sola hjelpte litt då Reidar Knapstad ønskte vel møtt til gudsteneste i Dvergsdalsdalen

sa Knapstad som skal vikariere for sokneprest Silje Sørebø det komande året.

Tre søndagar ute

Reidar Knapstad hadde også utegudstenesta i Årdalen veka før. Søndagen etter var han på ei utegudsteneste på ein støl, ein annan plass i Sunnfjord.

– Det er fint å kome inn i ein slik katedral og halde gudsteneste, sa Knapstad då han tok plass framfor mikrofonen og om lag 30 frammøtte kyrkjegjengarar.

Hadde det ikkje vore så kaldt som det var, hadde det gjerne vore fleire, men presten var nøgd med frammøtet og gjorde ferdig gudstenesta på ein halv time, slik at både han og ein del andre kunne få seg ein skitur i den vakre, men kalde søndagen.

Skitur

Men før det heile var slutt, vart det servert varm saft, noko som gjorde seg i kulden.

– Blir dette normalen når det gjeld gudstenester framover?,

spurde vi leiar for Helgheim sokneråd, Astrid Aardalsbakke Feldt.

– Vi får sjå litt etter kvart, men slik koronareglane er no, er det vanskeleg å ha noko i kyrkjene. Nokre søndager framover vil vi nok halde gudsteneste ute, svara soknerådsleiaren. Men det vart med fire utegudstenester etter som reglane for kor mange som kan samlast til gudsteneste vart endra.

– Og gamleprosten, han tok på seg skia og la i veg med kurs for Dvergsdalsstøylen.



Kantor Rune Molvik «ringde» til gudsteneste med ei kyrabjelle. Sitjande ser vi dagens klokkar, Solrunn Dvergsdal, og presten Reidar Knapstad. Rune Molvik hadde planar om å spele på munnorgel, men kulden hadde gjort det falskt, så det vart ikkje noko av



Reidar Knapstad var rask med å få på seg skia etter at gudstenesta var slutt.

På kyrkjetrappa



Det var kaldt å vere på utegudsteneste på Vassenden.

Mellom huer på hovudet og med vottar som ikkje berre er på stas, set ei dame og frys. Men ho er ikkje gjennomkald, trøystar ho seg med.

Tekst: ANNE ELENE EIDE
Foto: BJØRG DVERGSDAL

Det er første gongen ho er med på ei utegudsteneste, så ho tenkjer med seg sjølv: litt nybegynnar-flaks må det no vere godt å få med seg, for ho blir spandert på seg eit teppe.

Songar blir sunge både nummer 900 og nummer 104 er blant dei som blir sunge.

Men dei kjem godt med. Presten slår takta med tulipanar på bordet.

Og med prestekjole på kroppen.

Hanskar har han og på seg, for no er det kaldt.

Men det hjelper å slå takta. Mange er dei og dei har fått spandert på seg kvar sin stol.

Mange tepper og med godt mot sit dei og kosar seg.

Etterpå vert det kyrkjekaffi og termosene går rundt.

Ein twist eller to, er godt å putte i munnen. Å, so fint vi har det. Med sola på gløtt, mot ein blå, blå himmel,

(tenkjer vi),

Kyrkjeklokker som har ringt og vi ynskjer kvarandre vel heim att.

Det er korona-tider. Mange restriksjonar har vi fått. Men og mange velsigningar

Som denne gudstenesta ute på kyrkjetrappa.

Vi ser mot lysare tider med norske flagg og fedrelands-sangen: Gud signe Noregs land. Gud signe far og mor og også meg som og har mykje meir å sjå fram til.

Konfirmasjonsdatoar 2021

Konfirmasjonane for i år er flytta til august/september i Jølster.

22.august kl.11:00 Helgheim kyrkje

29.august kl.11:00 Vassenden kyrkjesenter

05.august kl.11:00 Ålhus kyrkje

Konfirmasjonane i Jølster

I eit vanleg år vil konfirmasjonsgudstenestene i Jølster bli slik:

1. søndag i mai i Helgheim kyrkje,
2. søndag i mai i Vassenden kyrkjesenter, Kristi himmelfartsdag i Ålhus kyrkje.

Gravferd, den siste reisa

Frå Inger Johanne Klakegg har vi fått denne oppmodinga.

Saman med dei næraste, samlast slekt og vener for å ta eit siste farvel med ein som er borte. Ein kjenner sorg, sagn og det store alvorset gjer oss stille. Dei næraste har planlagt ein seremoni som ei siste takk til sin kjære, og siste punkt i kyrkjerommet er at 6 personar kjem fram, løftar opp båra, for å føre den til siste kvilestad. Dette er veldig tungt for dei fleste, no er det verkeleg over,

forbi. Sakte blir båra ført mot gravplassen, med eit stille tog av sørgande etter, men her skjer det ofte noko som eg og fleire med meg reagerer på. Praten byrjar å gå på kyrkjebakken, om laust og fast, om ver og vind. MEN: Gravferda er ikkje over ! Eg vil oppfordre alle til å vere stille og ikkje prate på vegen til grava , i respekt for den vi tar farvel med og ikkje minst i respekt for dei næraste.

Andakter på I STOVA PÅ SKEI OMSORGSSENTER



- tysdag 20. april
 - tysdag 25. mai
 - tysdag 22 .juni
- alle startar kl. 14.00

Vel møtt!

Helsing
fung.sokneprest
Reidar Knapstad og
organist Rune Molvik.

Andakter på VASSENDEN OMSORGSSENTER



- tysdag 6. april
 - tysdag 4. mai
 - tysdag 8 .juni
- alle startar kl. 14.00

Vel møtt!



GJESTESKRIBENTEN:

Hyrdingrøysta har starta ei ny spalte, ein tumleplass for dei med skrivekløe og for dei som brenn for noko. I denne spalta

vil vi oppfordre jølstringar om å skrive om noko som opptek dei, noko som er aktuelt i tida, eller noko dei trur kan vere godt for andre å lese. I tillegg til å oppmode skribentar om å melde

seg, vil vi også utfordreh nokre vi trur kan vere med på å gje liv til denne spalta. Denne gongen er det JANNE EIKÅS om gjer seg tankar om det å bruke naturen.

Min fine religion; Naturen og menneska

Ein start for meg er å kjenne historia. Den har eg alltid vore interessert i ved mange ulike sammenhenger i livet. Det er noko med å få forståinga av kvifor ting er som dei er.

Tekst: JANNE EIKÅS.
Foto: HALLSTEIN DVERGSDAL



Gjesteskrivent Janne Eikås.

Kulturen og respekten for det andre gjere på generelt, er interessant og inspirerande. Men, kanskje mest over forfedrane våre som levde enkelt, i vårt vestlandske naturlandskap.

Skatteките

Når eg farer rundt i naturen er det ei skatteките i kulturarven som er spennande. Alle steinmurer av hus, steingardar, gamle tufter, bruer. Det er ikkje så lenge sidan dette var i virke. Eit

mesterverk som fortel at vi hadde forfedre som jobba for sin kvardag. Det var dyktige handtverkarar.

Eg las noko ein gong i frå boka «Folk før. Femti historier frå Nordfjord», av Kjell Askeland. Setningar som eg funderer over og liker særst godt, er tanker og eit intervju med ei dame som levde fra 1887 – 1986. Askeland skriv at

– Eg har møtt eit menneske som er nøgd. Som ikkje stilte krav, som ikkje klagde. Orda frå

Mikkjel Fønhus kom føre meg. «Et liv i enkelhet og nøysomhet er det beste» Eg hadde ei kjensle av å ha tala med eit menneske som hadde fred. Ein fred som ikkje var grunna på ytre livsvilkår og som derfor ingen kunne forstyrre.

Det må være det største i livet, og noko som eg kjenner er å leve etter.

Robust oppvekst

Historia vender tilbake i tankane i mi tid. Eg har vakse opp på

ei lita øy så langt vest som ein nesten kan komme, i øykommunen Solund. Eg vaks opp i ei



Der fekk vi bruke gymtimane etter årstida, og i den naturen vi hadde tilgjengeleg.



engasjert familie, med tilknytning til jordbruk og fiske, med ein far som var lærar og aktiv i politikken frå tidleg 70-talet. Eg fekk tidleg med meg i livet dei faga eg likte best; Historie, geografi, og sjølsagt gymnastikk. Der fekk vi bruke gymtimane etter årstida, og i den naturen vi hadde tilgjengeleg. Vi måtte finne på ting sjølv og være kreative. Vi hadde ikkje organisert fritid i særleg grad. Vi unge, gutar og jenter, i ulik alder, tok vare på kvarandre og fann på ting i lag.

Vidare i ungdomsskulealder pendla eg dagleg inn til Hardbakke. Det var ein kilometer å gå på øya, vidare båt, minibuss, stor buss i alt slags vær. Vinter og hauststormane huskar eg spesielt godt. Eg hugsar også lærar Hans, min norsk-lærar. Han kommenterte at det var spesielt kjekt med den ungdommen som kom frå dei yste øyane. Dei var alltid så raude og friske i kinna, samt vakne når dei møtte til første time. Lærar Hans var ein eg såg opp til. Han var eit opp-

komme i lokalhistorie for Solund og ein dyktig formidlar. Eg fekk med ein bagasje i livet som har vore med å forme meg. Det at eg kom frå eit robust samfunn

“

Eit anna ordtak er «Det er det dårlege som gjere det gode godt»

med vêrhard, karrig natur, med engasjerte menneske som har måtte klare seg på meir tungvinne kår enn andre samfunn. Der ute reiste vi på butikken kvar laurdag, om været gjorde det mogeleg. Vi reiste til naboøya Buskøy og det var nok ei meir miljøvennleg form for handling.

Vi fekk fisk på dei gode fiskeklassane. Vi var med for å sjå til fyrlyktene som ikkje hadde straum då. Det var eit eventyrlig laksegarnfiske, og vi plukka måse og terne-egg til søndagsfrukost saman med bestefar. Eg har gode minne frå eit enkelt liv der det handla om å leve i lag, ung og gamal. Ei ballast som truleg har staka ut kursen min som aktivtør i Jølster. Eg kjenner meg heldig som i dag kan leve og bu i vakre Jølster, med alle fjella, breen og alle dei kjekke menneska.

Derfor var også valet mitt om å vidareutdanne meg i faget fysisk aktivitet som behandlingsmetode, det beste eg har gjort som vaksen. Naturen og aktivitetar rundt kan gi så enormt

med glede og meistringsfølelse, åleine eller i lag med andre i alle aldersgrupper. Naturen byr av seg sjølv og vi må ta vare på den. Det var stort å kunne være med å arrangere Jølster friluftfestival i 2013 og 2014, med alle dei engasjerte menneska som var med der.

Eg har eit par favorittmotto å leve etter. Eit av dei er; Life isn't about waiting for the storm to pass. It's about learning to dance in the rain. Det er nok ikkje alle som har forståing for det livet og den draginga eg har mot å springe og klatre i fjellet til ei kvar tid. Men det livet gir meg fred og eit overskot til å være til stades for andre menneske, bidra til fellesskapet og samfunnet. Også det å ha forståinga for å ivareta naturen som vi har rundt oss.

“

Eg fekk med ein bagasje i livet som har vore med å forme meg.

Eit anna ordtak er «Det er det dårlege som gjere det gode godt». Det kan eg kjenne meg att i når eg fartar ute i naturen og i kvardagen i livet og samfunnet i lag med andre. Vi treng kontrastar for å sette pris på livet.

Naturen er eit spegelbilde av stemningar og kontraster som og finst i sjela og livet vårt som menneske.

Ski til glede og besvær

Ski og påske høyrer saman. I alle fall her i vårt distrikt. Får ein ikkje lange, gode skiturar i påska, så er det noko som manglar. Dette er opplese og vedteke.

Tekst og foto: BJØRG DVERGSDAL

Ein oppvekst på ein brattlendt gard gav meg høve til å lære meg å setje trøstefullt utfor dei brattaste bakkane utan redsel, og å ha stor glede av det. Skia eg brukte, hadde eg nok arva etter ein av dei fire eldre søskena mine.

Nye utfordringar

Ein vinter skulle eg vere med skulen på skidag. Vi gjekk frå Eikås skule til Hjellbrekketølen. Men på vegen ned igjen rauk festet på eine bindingen, og skia forsvann i rasande fart nedover. Eg stod fortvila igjen med ei ski på foten. Ein av gutane rende ned og fekk tak i den bortkomne skia. Det vart ein utfordrande tur ned att for læraren som bar mi øydelagde ski, og ikkje minst for meg som måtte renne på ei ski ned att til skulen.

Skia vart reparert, og det var mykje skigåing i barndommen. Det var ikkje så mykje anna å finne på ute om vinteren.

Seinare møtte eg ein mann som var av det slaget at dersom ein ikkje kom seg til Grovabreen i løpet av påska, ja, så var det noko som mangla. Og eg måtte sjølvstundt introduserast for dette fantastiske: Bre-tur. Eg hadde aldri trenta til noko som helst verken jogging eller noko anna. Ikkje hadde eg moderne ski heller. Men på breen skulle eg. Kor vanskeleg kunne no det vere?

Bretur

Ruta gjekk gjennom Fagredalen i Dvergisdalsdalen og vidare opp i noko svigerfar min kalla for «Innafor-lisjebotnen». Og eg miste nesten motet då eg såg kor bratt det var vidare. Men etter ein matpause der brunostskivene hadde gjort jobben, kava eg meg vidare i lag med mine tre tur-vener. Opp kom vi, og innover flatene mot breen. Gløymt var slitet og sveitten. Trur eg var litt kjepphøg no. Eg grua meg iallfall ikkje for nedfarten. Eg gledde meg.

Nydeleg ver, kvite vidder, manglande solkrem. Kva gjev det? Jau, solbrende kjarar.



Forfattaren klar for skitur ein gong for ein del år sidan.

Kvelden enda med litt solfeber. Men eg hadde greidd det! Å komme meg til Grovabreen og ned att på gamle treski utan å bryte bein og lemmer. Eg hadde forstått det magiske med kvite vidder, solskin og glede over meistringa av ein slik tur.

Nye ski

Eit år seinare fekk eg nye ski: Epoke glasfiberski. Dette var gode greier, eg kunne suse avgarde på ski som skar seg gjennom snøen som kniv gjennom smør. Eg forstod plutselig verdien av godt utstyr. Og sidan vi budde i Oslo med Nordmarka tett på, vart det nokre fine vintrar med mange skiturar i flotte løyper. Eit brote halebein som resultat av fall i isete løyper minner ein om at ein lever!

No for tida veks ungar opp med eit utruleg utval av ski og utstyr. Det er blitt ein heil vitskap, ikkje berre for Klæbo og Johaug, men for alle. Dette gjer det vanskeleg å velje. Turski, langrennsski, telemarkski, carvingski, randonéski. Eg kan ikkje namnet på alt og anar ikkje kva alt skal brukast til. Det er ein jungel å orientere seg i. Men det verkar som *alle* går på ski, og i dette korona-året har det vore til stor glede for mange. Uteliv gjev helse, glede og meistring. Men for meg er skiturane stort sett eit tilbaketog stadium. Alt har si tid. Men det lovar vel godt når mitt yngste barnebarn på 2 1/2 år hardnakka påstod at «Jeg falt ikke. Skia mine falt»

*God påske på skitur, på gåtur,
og på kykjeveg!*



Gunnar Smaadal (t.v) og Magnus Hope har bygd nokre eksemplar av det gamle, og meir eller mindre gloynde instrumentet salmodikon. Hyrdingrøysta fekk høyre dei spele «Fager kveldssol smiler»

Salmodikon fram frå gøymsla

For om lag 200 år sidan og framover var salmodikon eit mykje brukt instrument både i kyrkjer og skular. Det vart først og fremst brukt i skulane til å lære borna salmetonar, men vart også flittig brukt i kyrkjene.

Tekst og foto: HALLSTEIN DVERGSDAL

I Noreg vart Salmodikon introdusert av Lars Roverud rundt 1830, og frå 1835 reiste Roverud, som var musikkpedagog og musikkhandlar, rundt om i landet og underviste lærarar i bruken av dette spesielle instrumentet.

– Dette må vi prøve

På Vassenden i Jølster bur to pensjonerte og musikkinteresserte lærarar, Gunnar Smaadal og Magnus Hope.

Begge har bakgrunn frå Vassenden skule og begge har sysla med musikk. Smaadal har lang fartstid innan musikklivet i

Jølster, og har mellom anna dirigert fleire kor, Jølster Musikklag og vore musikk lærar. Magnus Hope har vore folkemusikar med hardingfela som instrument, og har fartstid som sløydlærar.

Ein gong i fjor kom dei to karane på at dei skulle prøve å lage salmodikon, og det gjekk ikkje lenge før idé vart til handling. Gjennom mange timar i snikkarbua til Magnus, har dei spesielle instrumenta teke form, nyleg var det tid for prøvespeling.

Utfyllande kompetanse

Som namnet tilseier, var dette eit instrument tenkt til akkompagnering av salmesong i skular og kyrkjer, og til læring av salmetonar. Det er så enkelt som det går an å få til, og har berre éin streng.

– Magnus tek seg av det tekniske, medan eg står for den musikkfaglege biten, så her snakkar vi om kompetanse på høgt plan som samarbeider og utfyller kvarandre, forklarar Gunnar Smaadal som legg til at i

tillegg til å lage salmodikon, får dei også tid til å skravlje og småsladre litt.


– De løyser vel nokre verdsproblem også?

– Nei, verdsproblem blir det ikkje mykje av, vi har eigentleg nok med dei lokale, svarar Smaadal.

Mykje arbeid

Dei to kompisane har hatt snikkarbua til Magnus Hope som fast møteplass sidan sist haust. I to timar kvar tysdag ettermiddag har dei forska og diskutert for å få til det spesielle instrumentet. Eit instrument som kort fortalt er samansett av eit gripebrett på ein resonanskasse, og med berre ein stren.

Det heile starta med at det i gamle Gjesdal skule hang eit salmodikon etter tidlegare lærar A.B. Hamar. Dette syntte Gunnar Smaadal fram i ein musikktime, og han vart fascinert av instrumentet. Etter at han vart pensjonert, tenkte han ofte på at det hadde vore artig å ha noko slikt, og Magnus Hope vart kontakta.



Notane til «Fager kveldssol smiler»



Eit så fint og sjeldant instrument som eit salmodikon treng sjølvsagt ei kasse til oppbevaring, og den har Magnus Hope laga

– Skal vi ikkje ta og lage eit slikt, spurde han, og Magnus var med på det.

Men det vart med pratet ei tid, før dei i fjor haust gjorde alvor av å setje i gang prosjektet sitt.

Stort prosjekt

– Det har vore mykje forskning, fortel Magnus Hope som måtte til Brødrene Aa i Hyen for å få tak i ein stokk av amerikansk furu til resonanskassa for å få rette klangen. Også Sunnfjord Museum i Movika har vore involvert i prosjektet med opplysningar om spesielt notesystemet til salmodikonet.

Instrumentet kan samanliknast med ein gitar med éin streng. Opphavleg var strengen av sauetarm, men på dei instrumenta som har sett dagens lys på Vassenden, er det nytta gitarstrenger.

Salmodikon dukka først opp i Danmark tidleg på 1800-talet og spreidde seg vidare til Sverige og Noreg.

På gripebrettet skil det ein halv tone mellom kvart intervall. C-durskalaen er skriven med siffer på salmodikonet, slik at C=1, D=2 osv.

Til eit salmodikon høyrer fire lause lister som ein kan leggje oppå instrumentet. Kvar list har fire talrekkjer som alle representerer kvar sin skala.

Kan bli konsert

Dei som måtte ønskje seg dei to musikarane på plakaten i konsertsamanheng, må nok vente litt.

– Vi må øve meir først, er meldinga frå karane som så langt har laga fire eksemplar og har teke av to til seg sjølve.

For å sleppe krangling og ufjelge om kven som skulle ha kva, var det høgtideleg lodd-trekning.

– Er dei to andre til sals og kva blir prisen, spurde vi.

Dette med pris hadde dei ikkje tenkt så mykje på, men Magnus meinte at dei måtte ha i alle fall 100 kroner timen. Men så var dei ikkje sikre på kor mange timar dei hadde brukt på kvart instrument, så prisen vart etter litt om og men sett til 1500 kroner.

For den prisen kan den som måtte ønskje det, få seg eit spesielt instrument som både går an å spele på, og som gjer seg godt til veggpynt.

Men blir det masseproduksjon, er Magnus redd for at han ikkje får tid til sin kjære hobby som er tredreiing.

Til hausten


Organisten i Jølster, Rune Molvik, har utfordra dei to salmodikon-entusiastane til å spele i ei av kyrkjene i påska, men det er dei ikkje klare for, ikkje enno, ifølgje Gunnar Smaadal som har ein plan.

– Til hausten, når pandemien truleg har roa seg, skal eg stille på ein salmekveld på kyrkjesenteret. Då skal Rune Molvik spele dempa på orgelet, og så skal eg, med mikrofon i salmodikonet, prøve å spele eit par salmetonar.

Slik er altså dei langsiktige planane for karane som på denne måten har teke vare på og formidla ein del av kulturarven vår. Salmodikon er eit instrument som ikkje lenger er i bruk, heller ikkje i folkemusikkmiljøet, men kanskje får det no sin renessanse, når to pensjonistar frå Vassenden har henta det fram att i lyset.



Gunnar Smaadal viser fram instrumentet som er så enkelt som det nesten går an å få til. Den tidlegare musikk læreren har sett seg godt inn i korleis eit salmodikon fungerer. På gripebrettet er C-dur-skalaen påskriven, men det kan også spelast i moll, fekk vi forklart.

SPAR 
NETTBUTIKK
Alltid same pris
på nett som i butikk

VI HANDLAR FOR DEG!
Bestill på nettbutikk.spar.no
Hent varene ferdig pakka hos
SPAR Jølstraholmen eller
få dei levert på døra.



skei@audhild-viken.no
Tlf. 57 72 81 25



MASKINENTREPRENØR

Ottar Dvergsdal AS

952 00 433

JØLSTER RØR AS

Tlf. 57 72 83 50 / 959 87 820
Bjørn 959 87 822 / Geir 959 87 823



COOP MARKED VASSENDEN
Måndag–fredag: 8–20
Laurdag: 8–18

Tlf: 57 72 72 00
vassenden@marked.coop.no



COOP MARKED SKEI
Måndag–fredag: 8–21
Laurdag: 9–18

Tlf: 57 72 83 77
skei@marked.coop.no

nordfjord SKIFER *Naturstein av høy kvalitet*

Tlf. 57 72 70 16 / 917 63 804

VESTLAND
VESTLAND
GRUPPEN **ELEKTRO OG RØR**

Avd Jølster • Vikavegen 104, 6843 Skei
TLF 57 72 63 60 / 916 56 542 • EPOST svein@vestlandgruppen.no



Tlf. 57 82 70 30 • fjordan.no • eirik@fjordan.no

Fjordamat TUNET
- kurs og oppleving

Støringdal • Tlf. 951 46 531 • fjordamattunet.no

ENTREPRENØR
Ivar A. Sunde AS 
6847 Vassenden

 **Jølster Bil AS**
www.jolsterbil.no Tlf. 57 72 68 90

Eikås Frisør
EVA AARSETH
Tlf. 57 72 75 88

 **Åsen & Øvrelid as**
Tlf. 57 72 38 50



Hytter, bubilplasser, båter, kajaker, fiskeutstyr, mm.
Tlf 920 62 203 Mail: post@jolvassbu.no

MASKINENTREPRENØR
Jostein Sunde AS
jostein-sunde.com

Graving Boring Sprenging Transport Steinmassar Kontainerutleige

post@jostein-sunde.com Tlf. 57 72 73 00



EIN SMAK AV TRADISJON
frå Anne Grete og Hilde

Søgnasand • 6843 Skei
Tlf. 951 10 688 / 948 97 236



ALF HELGHEIM & CO AS
6843 Skei i Jølster
Tlf. 57 72 83 11
post@alfhelgheim.no
www.alfhelgheim.no



FOTO • UR • GULL • SØLV • MUSIKK

ROALD SUNDE

Maskinentreprenør – Sentral godkjenning

Tlf. 57 72 81 91 / 952 31 915

GRAVING • TRANSPORT • MURING • SANDTAK

VASSENDEN TAXI

mob. 482 10022

Drosje, rullestolbil og minibus

JØLSTER
BYGG OG INTERIØR

Tlf: 57 72 74 15 • www.jolsterbygg.no • Besøk oss på Facebook

Retting

I julenummeret hadde vi med ei liste over dei som vart utkommanderte til krigsteneste i april 1940. Der har Olav Løset ramla ut, noko vi beklagar.

Kyrkja er vår heim



MARS

Palmesundag 28.03.

HELGHEIM KYRKJE kl.11:00

Familiegudsteneste. Utdeling av barnesalmebok.

VASSENDEN KYRKJESENTER kl. 17.00

Ekstra gudsteneste. Liturg: Geir Sørebo

APRIL

Skjærtorsdag 01.04.

VASSENDEN KYRKJESENTER kl.19:00

Gudsteneste med nattverd. Kveldsmat etter gudstenesta

Langfredag 02.04.

ÅLHUS KYRKJE kl.11:00

Pasjonsgudsteneste med lesing av lidningssoga

Pasjonsmusikk på orgelet: kl.10:30 – 10:50

Påskedag 04.04.

HELGHEIM KYRKJE kl.11:00

Høgtidsgudsteneste. Konfirmantane tek del. Påskeplask

2. påskedag 05.04.

VASSENDEN KYRKJESENTER kl.19:00

Songkveld. Vi syng salmar knytta til påkehøgtida.

2. søndag i påsketida – søndag 11.04.

HELGHEIM KYRKJE kl.11:00

Gudsteneste med nattverd.

Soknemøte etter gudstenesta, vanlege årsmøtesaker.

3. søndag i påsketida – søndag 18.04.

ÅLHUS KYRKJE kl.11:00

Gudsteneste med nattverd

MAI

5. søndag i påsketida – søndag 02.05

HELGHEIM KYRKJE kl.11:00

Gudsteneste

6. søndag i påsketida – søndag 09.05

VASSENDEN KYRKJESENTER kl.11:00

Gudsteneste

Helgetorsdag – torsdag 13.05

ÅLHUS KYRKJE kl.11:00

Gudsteneste

MAI – framhald

17. mai

HELGHEIM KYRKJE kl.11:00

Familiegudsteneste.

ÅLHUS KYRKJE kl.12:30

Familiegudsteneste.

VASSENDEN KYRKJESENTER kl.15:00

Familiegudsteneste.

(NB:Tidspunktet kan verte endra. sjå Firda, heimeside, facebook, plakat)

Pinsedag –søndag 23.05

ÅLHUS KYRKJE kl.11:00

Gudsteneste med nattverd

2. pinsdag – måndag 24.05

FRILUFTSGUDSTENESTE PÅ HAMNANOVA ca.kl.12:00

avgang frå parkeringsplassen i Dvergsdalen kl.11:00

Fredag 28.05

ÅLHUS KYRKJE kl.19:00

«Sjå i nåde til oss» Litterært kveldssete med

forfattarane Olaug Nilsen og Laura Djupvik

Treeiningssundag – søndag 30.05

HELGHEIM KYRKJE kl.11:00

Familiegudsteneste. Tårnagentar /

9- åringar frå tårnagenthelga deltek.

JUNI

2. søndag i treeiningstida – Søndag 06.06

Skaparverkets dag

SANDALEN GRENDAAHUS kl.11:00

3. søndag i treeiningstida – søndag 13.06

HELGHEIM KYRKJE kl 11:00

Gudsteneste med nattverd.

3. søndag i treeiningstida – søndag 20.06

VASSENDEN KYRKJESENTER kl 11:00

Gudsteneste med nattverd.

Døypete



ÅLHUS SOKN

Ålhus kyrkje

06.03.2021 Olai Sele Marifjæren

HELGHEIM SOKN

Helgheim kyrkje

15.03.2021 Noelle Odette Haugen Oppedal

15.03.2021 Mailo Ciriaco Hernandez

Gravlagde



ÅLHUS SOKN

Ålhus kyrkje

04.03.2021 Randi Audgunn Torheim Vasstein

Vassenden kyrkjesenter

22.12.2020 Arnold Pupe

15.01.2021 Sanna Flaten

29.01.2021 Alma Refsdal

HELGHEIM SOKN

Helgheim kyrkje

11.12.2020 Oddrun Bø Bolset

22.12.2020 Arvid Kristen Bergheim

15.01.2021 Ivar Helgheim

22.01.2021 Jorun Ida Dvergsdal

05.03.2021 Jon Skrede

09.03.2021 Ragnhild Førde

JUNI – framhald

4. søndag i treeiningstida – søndag 27.06

Folkemusikk-og friluftsgudsteneste i

KJØSNESHOGEN kl.11:00

Kari Veiteberg til Jølster

Oslo-biskop Kari Veiteberg, med røter frå Stardalen, kjem til Jølster i juni. Ho skal delta i gudstenesta i Helghem kyrkje 13. juni

Under denne gudstenesta er det fungerande sokneprest Reidar Knapstad som er liturg. Kari Veiteberg vil halde preika. Det er også meininga at Kari Veiteberg skal delta på eit arrangement i Stardalen, men tidspunkt for dette er ikkje fastset.



Biskop Kari Veiteberg. Foto: Dag Smemo.

Vi skal møtast

(Tekst: Hans Olav Mørk, 14. mars 2020
Omsetjing til nynorsk: Silje Sørebo)

Vi skal møtast
når dette er over,
ved eit bord
i ein smekkkfull kafé,
i ei kyrkje,
i midtgangens vrimmel
mot Guds alter
og det som skal skje.
Vi skal feire
Og syngje
og le.

Vi skal gje til kvarandre
eit løfte,
at vi møtast
når vegen er gått.
Når det mørke og vonde er bak oss
Når den prøva vi fekk,
er bestått,
skal vi dele det svar
vi har fått.

Men alt no
veit vi svaret,
vi veit det.
Det å elske kvarandre
er alt,
bere bærer når ein har for mykje,
halde oppe
når nokon har falt.
Til å elske,
til det
er vi kalt.

